



Åseral kommune

EINING FOR SERVICE OG IKT

Orientering om vedtak

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

DYKKAR REF:	VÅR REF:	SAKSHANDSAMAR:	ARKIVKODE:	DATO:
«REF»	4545/2013 - 2013/336	Janne Thorsland Elvenes	K01/&00	27.06.2013

SVAR VEDK.: FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I FORSKRIFT FOR BRUK AV MOTORKJØRETØYER I UTMARK OG PÅ ISLAGTE VASSDRAG - HØYRINGSUTTALE FRÅ ÅSERAL KOMMUNE

Vedlagt følger særutskrift av saka som vart handsama i Åseral kommunestyre 27.06.2013, sak 13/32.

Med helsing

Janne Thorsland Elvenes



FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I FORSKRIFT FOR BRUK AV MOTORKJØRETØYER I UTMARK OG PÅ ISLAGTE VASSDRAG - HØYRINGSUTTALE FRÅ ÅSERAL KOMMUNE

ARKIVKODE:	SAKSNR.:	SAKSHANDSAMAR:	SIGN.:
K01/&00	2013/336	Øyvin Moltumyr	

UTV.SAKSNR.:	UTVAL:	MØTEDATO:
13/32	Kommunestyret	27.06.2013

Vedlegg:

- 1 Høringsbrev

Bakgrunn:

Denne saka gjeld vedtak om eventuell kommunal uttale til eit framlegg til endringar i forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag samt invitasjon til å søke om å delta i ei forsøksordning med etablering av snøscooterløyper.

Miljøverndepartementet har sendt eit framlegg til endringar ut på høyring. Framlegga gjelder opning for etablering av tilførselsløyper til løypenett i naboland samt utvida høve til etablering av tilførselsløyper frå reiselivsbedrifter i Nord-Troms og Finnmark til det opne løypenettet som er etablert der. I tillegg blir det gjort framlegg om einskilde andre endringar.

Miljøverndepartementet inviterer òg kommunar som ligger i det distriktpolitiske virkeområdet (Åseral er slik distriktskommune) til å søke om å delta i en forsøksordning i perioden 2014-2018 der 40 utvalde kommunar kan etablere snøscooterløyper gjennom arealplanlegging etter plan- og bygningsloven. Kommunane skal veljast ut etter søknad. Søknadsfristen er 1. september 2013. Ordninga skal evalueras kontinuerleg.

Høyringsinstansane blir invitert til å kome med synspunkt på korleis en slik ordning kan ha utformast.

Departementet meiner det er naudsynt med ei forsøksordning fordi vi i dag veit for lite om konsekvensane for naturmangfald, friluftsliv og folkehelse, både på kort og lang sikt, til at det er forsvarlig og opne for etablering av snøscooterløyper for fornøyleskjøring over heile landet. Forsøksordninga med lokal forvaltning av motorferdsel som ble etablert i 2000 og som i dag omfatta 7 kommunar har etter departementet syn ikkje gitt tilstrekkelege svar på effekten for friluftsliv og naturmangfald av en generell opning for etablering av snøscooterløyper, for eksempel verknaden av å opne for løyper i meir befolkningstette områder og heller ikkje erfaringar om effektar av nettverk med løyper for fornøyleskjøring mellom fleire tilgrensande kommunar. Departementet meiner ei slik ordning vil kunne gi

verdfull kunnskap som kan brukast ved seinare vurderingar av spørsmålet om fornøyleskjøring med snøscooter i utmark.

Departementet har lagt som føring at løypene ikkje bør leggest i inngrepsfrie naturområder som er 3 eller fleire kilometer frå et teknisk inngrep. Kommunen skal vidare ta omsyn til verknader for friluftsliv, fugle- og dyrearter og økosystem som er sårbare for motorferdsel, ulemper for bustad- og hytteområder, fare for negative effektar på kulturminner og kulturmiljø. Forsøksordninga skal berre gjelda løyper for kjøring med snøscooter på snødekt mark. Det er ein føresetnad at løypene blir etablert utan terrenginngrep.

Etablering av løyper gjennom arealplanlegging inneberer at plan- og bygningslovas reglar om planprosess skal fylgjast. Dette skal sikra at næringsinteresser, bebuarforeiningar, grunneigarar, turlag og andre friluftsansjasjonar, miljøorganisasjonar, velforeiningar, hytteforeiningar og liknande får høve til å uttale seg.

Kommunen kan bare vedta snøscooterløyper på eigedomar der grunneigarane har samtykka.

Om Åseral kommune ønskjer å søka, ber departementet om at kommunen i søknaden gjør greie for kvifor den ønskjer å delta i ordninga og i tillegg kort opplyser om:

- innbyggartal og busetnadsmønster
- om det er store hytteområde i kommunen
- om snøscooterløypene vil ligge i skog, i fjellterreng, i låglandet, i eller ved by/tettstad
- omfanget av og interessa for snøscooterkjøring i kommunen i dag
- andre opplysningar som kan være av betydning for departementets vurdering av søknaden

Vurdering:

For det første; Departementet opererer med altfor korte fristar i denne saka. Kommunen mottok brevet 10. juni. Høyringsfristen er sett til 27. juni. Dette gir minimalt med tid for lokale drøftingar. Eventuell sondering blant grunneigarar og andre om interessa for å vera med i ei forsøksordning vil for ein stor del måtte skje i ferietida.

Eg ser på den første delen av høyringsframlegget, om tilførselsløyper til løypenettet i naboland og utvida moglegheit for kjøring i reiselivssamanheng i Finnmark og Troms som mindre relevant for Åsdølane.

Den delen av høyringsframlegget som synes mest aktuelt for oss må vera invitasjonen til å søke om å delta i en forsøksordning i perioden 2014-2018 der kommunane kan etablere snøscooterløyper gjennom arealplanlegging etter plan- og bygningslova. Kommunen må i så fall søkja før 1. september i år. Etter å ha lese høyringsframlegget må eg innrømme at eg er usikker på kva som meines i høve til løyper. Det skal opnast for at reiselivsbedrifter skal kunna arrangera fornøyleskjøring i form av snøskutersafari etter løype. Er løypene berre opne for vitjande som har booka scootersafari gjennom reiselivsverksemda, eller kan fastbuande kjøre i løypene?

Prøveordninga synes mest som eit strategisk utspel med sikte på å hale ut tida slik at ein slepp å opne for noko som ein er i mot. Ein kan ikkje sjå at det er naudsynt med ny forsøksordning for 4 nye år. I og med at etablering av løypene krev omfattande planprosessar er det all mogleg grunn til å tru at ein må kunne unngå at løypene blir lagd til områder der aktiviteten gjer stor skade på naturkvalitetar. Forsøksordninga bør difor utan problem kunne omfatta heile landet.

Reint umiddelbart er det vanskeleg å sjå kvar det skulle vera aktuelt å legge løyper i Åseral. Departementet som nemnd lagt som føring at løypene ikkje bør leggst til inngrepsfrie naturområder som er 3 eller fleire kilometer frå et teknisk inngrep. Kommunen skal vidare ta omsyn til verknader for friluftsliv, fugle- og dyrearter og økosystem som er sårbare for motorferdsel, ulemper for bustad- og hytteområder, fare for negative effektar på kulturminner og kulturmiljø. Det er vidare ein føresetnad at løypene blir etablert utan terrenginngrep. Landskapsvernområde som utgjer om lag 25 % av kommunen er vel uaktuelt ut frå føringa om å unngå inngrepsfrie område. Vidare er det vel krevjande å eventuelt skulle ha løypene i nær tilknytning til utfartsområda der dei lettast vil kome i konflikt med friluftssinteressene.

Løyper bør vel ha ei viss lengde for å kunne vera attraktive og andre stadar i kommunen vil terrenget, etter mitt syn fort gjera løypene litt mindre attraktive.

Eit kommunalt vedtak bør ikkje legge utilbørleg press på grunneigarar om å måtte godta løyper på sin grunn.

Kommunen bør sjå positivt på føringa om at planlegginga skal følgja prosedyrane i plan- og bygningslova. Dette sikrar at berørte partar får høve til å uttale seg.

Framlegg til vedtak:

Åseral kommune er kritisk til den korte fristen for å gi uttale til høyringa. Søknadsfristen for å bli med i forsøksordninga gjer det vanskeleg å avklare om det er interesse for å søke.

Åseral kommune meiner faren for skadeverknader av etablering av scooterløyper er så små at forsøksordninga kan utvidast til å gjelda heile landet.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 27.06.2013

Uttale frå Fylkesmannen i Vest-Agder, datert 2.06.2013 vart dela ut.

Framlegg:

Ordførar Oddmund Ljosland:

Endringar motorferdslelova

Generelt:

- Åseral kommune er opptatt av at alle kommunar får same mogelegheit til å regulere snøskuterferdsle i fastlagte trasèar.

Vidare:

- Åseral kommune meiner at vi får det beste erfaringsgrunnlaget ved at alle kommunar får lokal planmynde. Etablering av løyper bør vere grunna i lokale prosessar og vedtak.
- Åseral kommune vil allereie no signalisere at vi vil søkje å bli med i ordninga med å etablere snøskuterløyper gjennom arealplanlegging etter plan- og bygningslova.

Kommunen viser elles til uttalen frå USS samt uttale frå Fylkesmannen i Vest-Agder.

Votering:

Framlegg til vedtak fekk 0 røyster.

Framlegg frå ordførar Oddmund Ljosland vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Endringar motorferdslelova

Generelt:

- *Åseral kommune er opptatt av at alle kommunar får same mogelegheit til å regulere snøskuterferdsle i fastlagte trasèar.*

Vidare:

- *Åseral kommune meiner at vi får det beste erfaringsgrunnlaget ved at alle kommunar får lokal planmynde. Etablering av løyper bør vere grunna i lokale prosessar og vedtak.*
- *Åseral kommune vil allereie no signalisere at vi vil søkje å bli med i ordninga med å etablere snøskuterløyper gjennom arealplanlegging etter plan- og bygningslova.*

Kommunen viser elles til uttalen frå USS samt uttale frå Fylkesmannen i Vest-Agder.